



Meland kommune

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/436 - 15/547

Saksbehandlar:
Reidun Elin Johannessen
reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no

12.01.2015

Erklæring om at ulovlege forhold er retta

Viser til oversending av endeleg tilsynsrapport frå Fylkesmanne i Hordaland datert 26.11.14. I endeleg tilsynsrapport har kommunen fått frist til å rette lovbrøt som er avdekt i tilsynet jf. Kommunelova § 60. Fristen er satt til 03.02.15. Innan denne fristen må kommunen erklære til Fylkesmannen at det ulovlege forholdet er retta og gjere greie for korleis lovbrøtet er retta.

Meland kommune erklærer hermed at ulovlege forhold er retta. Vidare skisserast korleis lovbrøt er retta:

Skulen sitt arbeid med opplæring i fag

Lovbrøt: «*Innhaldet i IOP må samsvare med einskildvedtaket når det gjeld innhald i opplæringa, medrekna når det er gjort avvik frå LK06*»

- Kommune har gjort endringar i vedtaksmal som gjeld spesialundervisning (så vedlegg). Denne malen er gjeldande for alle skulane og ligg i kommunen sitt sakabehandlingssystemet (Websak Fokus). I den nye malen ligg det inne et punkt som heiter «innhald» - som skal sikre at rektor tek stilling til om det er avvik frå LK06 eller ikkje.
- Alle rektorane som har ansvar for å fatte enkeltvedtak er informert krav til einskildvedtak og innhald i IOP.
- Meland PPT har i felles møte fått gjennomgang av tilsynsrapport, og blitt informert om at den sakkunnige vurderingane må vere tydeleg på innhald i opplæringa medrekna når det gjeld avvik frå LK06»
- Lærar som har ansvar for å lage IOP er blitt informert av rektor at alle planar som lagast må samsvare med einskildvedtaket.

Vurdering av behov for særskilt språkopplæring

Lovbrøt: «*Skulen må ha ein implementert rutine for å kartleggje elevane sine ferdigheter i norsk*»

I rettleiingsmateriell for felles nasjonalt tilsyn 2014-2017 definerast «implementert rutine» som ein skriftleg framgangsmåte som er innarbeidd (gjort kjent for lærarane ved skulen). Kommunen har allereie ei skriftleg rettleiing (sjå vedlegg) for å kartlegge elevane sine ferdigheter i norsk. Tilsynet avdekkar at kommunen si

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

skriftlege rettleiing ikkje har vore gjort godt nok kjent for lærarane og leiinga ved skulen. Rettleiinga har tidelgare ikkje vore sendt inn til Fylkesmannen.

Det same rettleiingsmaterialet har vore vurdert ute på skulane og gjennomgått på rektormøte januar 2015. Dette for å sikre at rutinane er gjort kjent for lærarane ved skulen, og for å vurdere behov for endringar. Som eit resultat av denne gjennomgangen har kommunen laga ei felles prosedyre for arbeid med særskilt språkopplæring som kjem i tillegg til eksisterande rettleiing (sjå vedlegg).

Lovbrot: «Skulen må ha rutinar som sikrar at det blir vurdert om eleven og har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring når eleven har behov for særskild norskopplæring»

Som nemnt i punkt over det det laga felles prosedyrar for alle skulane i Meland kommune. Prosedyrane er gjort kjent på skulane og vil bli lagt ut på kommunen sitt Kvalitetssikringssystem «KF-Kvalitet» (<https://kvalitet.kommuneforlaget.no/kvalitet/id/1256>).

Med helsing

Reidun Elin Johannessen
skulefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20150113083621 mal vedtak spesialundervisning

Prosedyre for særskilt språkopplæring

Vedlegg 11 Veileder for arbeid med minoritetsspråklige barn i barnehage og skole

Kopi til:

Irene Hystad Hugaas

Rolf Inge Fyllingsnes

Hogne Brunborg

Magne Lædre

Ingvild Hjelmtvedt

Solbjørg Åmdal Sandvik

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN